



Karolina Sierska
Vardane 108
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10511 - 21/2292

Saksbehandler:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
13.01.2021

Avvist søknad om bod - gbnr 134/461 Hilland

Administrativt vedtak. **Saknr: 063/21**
Tiltakshavar: Karolina Sierska

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-4, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av bod avvist.
Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.
Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

Tiltak

Det vert vist til søknad mottatt 29.05.2020 og vårt brev om manglande dokumentasjon datert 24.06.2020.

Saka gjeld søknad om bygging av bod som tilbygg til bustad.

Planstatus

Hilland vest , felt 4.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Tilbygget er plassert i strid med byggegrensa i reguleringsplanen, utan at det er søkt om dispensasjon frå planen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan behandle den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan behandle den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Karolina Sierska Vardane 108 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Karolina Sierska Vardane 108 5911 ALVERSUND

